

Driftsbygning og driftsplass

På dei fleste gravplassar er det bruk for ein driftsbygning og ein driftsplass. Det kan vere eit enkelt hus for reiskap eller eit større anlegg med garasjar, verkstad, garderobar og spiserom.

De fleste gravplassar har òg eit driftsområde, stort eller lite, med plass for overskotsjord, strøsand og liknande.



Ask kirkegård, Ringerike. Foto: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Driftsbygningar og driftsplassar skal vere praktiske og tenlege, men dei bør ta lite visuell merksemd. Når det er ei kyrkje eller eit kapell på gravplassen, skal dei andre bygningane underordne seg dette signalbygget både i plassering, storleik og utforming.

Gamle gravplassar kan ha driftsbygningar med historie som kyrkjestall, «sentralfyр», naust eller gravarhus. Ver merksam på desse kulturminneverdiane.

Forvaltninga bør registrere driftsbygningane i Kyrkjebyggdatabasen.

Gravplassen skal ein halde i hevd og forvalte med slik orden og vørndnad som eigenarten legger til grunn.

Rammene for kva som er orden og vørndnad er ulike ut frå dei ulike funksjonane på gravplassen. Omsynet for dei sørgande må stå sentralt alle plassar, samstundes som

driftsbygningar og -plassar må ha praktiske løysingar og gode arbeidsmiljøtilhøve. Hald på dei gode rutinane sjølv om området «berre» er for tilsette.

Råd og rettleiing

Driftsbygningar og driftsplassar er svært ulike i storleik og historikk. God og kvalifisert førebuing og planlegging av tiltak er naudsynt. For å halde på krava til orden og vørndnad, bør ein nytte høg kvalitet i materialar og handverk. Bruk fagkompetanse med erfaring frå samanliknbare tiltak.

Legg omtanke i plassering og utforming av driftsbygningar og -plassar slik at dei ikkje tar «eigen» merksemd. Riksantikvaren har gode rettleiarar om servicehus, bygningar og anlegg i sårbare omgjevnadar.

Særleg om driftsplass

- Plasseringa bør vere praktisk og lett tilgjengeleg, likevel skjerma frå resten av gravplassen. Unngå at driftsplassen ligg ved tilkomsten til kyrkje eller gravkapell. Sjølv dei små gravplassane bør ha ein tilpassa, liten driftsplass for overskotsjord og strøsand.
- Skjerminga av driftsplassen kan vere i form av eit gjerde, ein hekk eller annan vegetasjon. Utforminga bør vere tilpassa gravplassen og dei lokale tilhøva.
- Det gir god orden å etablere bingar for kompost, overskotsjord og stein. Det kan vere praktisk med fast dekke og sluk. Ver merksam på handteringa av overvatnet.
- Utelys bør lede lyset målretta for å unngå uønskt strølys eller blending av dei som vitjar gravplassen.

Særleg om driftsbygningar

- Nye driftsbygningar bør ein primært legge i samband med ein etablert driftsplass. Ved plassering bør ein vere særleg merksam på siktelinjer og den heilskaplege visuelle verknaden for gravplassen eller kyrkjestaden.
- Tilbygg bør ha tilsvarande materiale og farge som eksisterande bygnad. Eksteriøret bør vere dempa utan «urolege» bygningselement slik som karnapp, ark eller liknande.
- Bruk tre, stein, mur og andre haldbare materiale med kjent aldring/patina, ver merksam på det heilskaplege kulturmiljøet. Unngå bruk av «vedlikehaldsfrie» materialar, til dømes takplater som skal likne takstein eller veggplater med plastbelegg.
- Fargesetting er eit egna verkemiddel for å gjere bygningar lite synlege. Kvitfarge og kontrastar tar visuell merksemd. Driftsbygningar bør difor som oftast ha ei dempa farge, sjølv om det er ei kvit kyrkje eller eit kapell på gravplassen. Dei tradisjonelle uthusfargene (jordfargar) er til vanleg godt egna for driftsbygningar i tre. Det gir òg mest ro om garasjedører har den same farga som veggane.
- Nye oppvarmingssystem eller ventilasjonsanlegg, til dømes varmepumper, må ein unngå å montere slik at «ute-delar» kjem inn mot eit gravfelt, tett på ein

prosesjonsveg eller kan vere til sjenanse for sørgande på andre måtar. Avstanden til den næraste grava må minst vere 3 meter. Vi rår til at ein følgjer Riksantikvaren sin rettleiing om varmpumper.

- Takmontert solcellepanel kan ha positive ressursmessige konsekvensar, men vurder grundig dei visuelle verkingane for gravplassen.
- Om ein må oppbevare urner i ein driftsbygning, må dei ha ein fast plass i samsvar med krava om orden og vørndnad. Dei bør difor stå i eit låsbart rom eller skap som er tilpassa føremålet. Unngå at tilkomsten er via eit lager eller eit anna birom.



Tønsberg nye kirkegård Solvang, Tønsberg. Foto: Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Når må ein søke Statsforvaltaren?

Om tiltaket er av ein slik karakter eller storleik at det vil endre gravplassen sin eigenart, eller tilhøva for dei som vitjar han, vil det vere ein vesentleg endring som ein må søke statsforvaltaren om, sjå gravplassloven § 4. Ein må alltid søke om følgande tiltak:

- Oppføring av nybygg eller tilbygg større enn 30 m² inne på eller ved driftsareal.
- Utviding av driftsplass, oppføring av driftsbygning eller tilbygg når arealet er i bruk eller godkjent som gravfelt, gangareal, vegetasjon og liknande.
- Endring av ein bygning sin hovudfunksjon når endringa har konsekvensar for bruken av gravplassen, til dømes endring frå driftsbygning til kyrkjestove.

Er tiltaket søknadspliktig etter andre lovar eller føresegner?

Ver merksam på at nokre tiltak kan vera søknadspliktige etter andre lovar eller føresegner, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, veglova eller kyrkjeordninga for Den norske kyrkja. Ta kontakt med den aktuelle instansen for å avklare dette.

Referansedokument

- Gravplasslova
- Gravplassforskrifta

- Rundskriv Q-06/2020 *Forvaltning av kyrkje, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø* (Barne- og familiedepartementet og Klima- og miljødepartementet).
- Riksantikvaren sine rettleiingar (fleire infoblad): [«Bygninger og anlegg»](#), sjå mellom anna:
 - [Råd om energisparing i gamle hus](#)
 - [Råd om varmepumper.](#)
- Riksantikvaren sine rettleiingar (fleire infoblad): [«Kirker»](#), sjå mellom anna:
 - [Kirkens omgivelser. Servicehus ved kirkene](#)
 - [Forvaltning av middelalderske kirkesteder.](#)
- Statsforvaltaren sine temanotat «Råd og rettleiing».



Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Januar 2023